

Raphaël Pichon dirigerer i kveld sitt eget Ensemble Pygmalion, ett av Europas ledende tidligmusikkensembler. I Oslo domkirke fremfører de en kortversjon av *Matteus-pasjonen* av Johann Sebastian Bach.



Hva sier Bach til deg?

– Det viktigste er at Johann Sebastian Bachs musikk på den ene side er enkel og direkte. Det er musikk som griper deg og går rett til hjertet selv om den på den andre side er svært intellektuell, godt konstruert og vitenskapelig musikk, om du vil si det slik. Vitenskapen i hans musikk er å gripe deg, sier Raphaël Pichon.

– Det mest spennende med dette er at på konserten i Oslo domkirke vil denne musikken bli fremført for første gang i historien. Begravelseskantaten *Köthener Trauermusik BWV 244a* ble skrevet til prins Leopold av Anhalt-Köthens begravelse i 1729. I dag har vi bare fragmenter av det originale partituret, og musikken vi fremfører er derfor en hypotese. Vi vet ikke om det var nøyaktig slik Bach tenkte. Bach hadde tidligere arbeidet som hoffkomponist for prins Leopold. Han var dessuten god venn av prinsen og bestemte seg for å ta med all sin beste musikk til begravelsen. Det er første gang noen har forsøkt å rekonstruere denne musikken.

«På en og en halv time vil du høre alt av Bachs beste musikk i hans eget utvalg»

– Gjennom verket har du mørket og vekten av døden til stede. Samtidig har du hele tiden håpet om oppstandelse til stede i musikken. Slik kan musikken hans gripe deg i dyppet av mørket, for selv når han snakker om døden, er det med et lyst håp. I kantaten hører du noe virkelig rørende arier, men også musikk som stråler av lys. Avslutningen er et dynamisk håp.

– På en og en halv time vil du høre alt av Bachs beste musikk i hans eget utvalg. ARNE GUTTORMSEN



Kveldens konsert ved Oslo Internasjonale Kirkemusikkfestival: Ensemble Pygmalion spiller i Oslo domkirke.

Musikernes musikere

Når det unge toppensemblet Ensemble Pygmalion i kveld spiller i Oslo, er det en begivenhet også for internasjonale musikerkolleger.

Musikerne i det italienske eliteensemblet Accademia Bizantina gjester Oslo Internasjonale Kirkemusikkfestival for tredje gang i år. De er fulle av lovord og beundring for sine kolleger.

Pygmalion ble grunnlagt i 2005 av dirigent **Raphaël Pichon** (28). Hans ønske var å samle et kor og orkester av profesjonelle og ledende musikere. Musikkerne kommer fra ulike land og deler en ambisjon om å utvikle et

ensemble med en unik klang. Målet er å dekke tre århundrer med musikk skrevet for kor og orkester, og å bringe fortidens klangvalør inn i sitt musikalske uttrykk.

Pichon er også kontratenor. Foruten studier i sang, studerte han fiolin og piano ved konservatoriet i Versailles. Pichon har sunget under dirigenter som **Ton Koopman**, **Jordi Savall** og **Vincent Dumestre**.

Ensemblets innspilling av Bachs *Missa Brevis BWV 234* og *Missa Brevis BWV 235* fikk både Diapason d'or de l'année 2008 og Orphée d'or som beste kirkemusikkinnspilling. **Vårt Land**

Konserthusorgel i internasjonal særklasse

■ Meldt av Kolbein Haga

kultur@vl.no

22 310 310

Stavanger konserthus har fått eit instrument som kan uttrykkja det dyriske så vél som det lyriske, det kraftfulle så vél som det sarte.


Magnificent er fyrste ordet som fell meg i hug når orgelet til Stavanger konserthus skal skildrast. Dette er også eit høgst nærliggjande uttrykk i skildringa av konserthusets sal for akustisk musikk, oppkalla etter byens store komponist, Fartein Valen. Her kling store oppsetjingar med symfonisk orgel og orkester like godt som reine orgelframføringar av klassikarane Bach og Mozart.

Orgel er i særskild grad prisgitt akustikken i det aktuelle rommet. Alle andre musikkinstrument har sin eigen klanglege corpus. Orgelets klangkropp utgjer heile rommet det kling saman med. Fartein Valen er på mange vis ein unik sal med avanserte justeringar av etterklangstid og andre akustiske kvalitetar. Eksempelvis kan taket

«Kombinasjonen varme og sjarmende, grunntonig bærekraft er meir framtreddande enn ein vanleg vis høyrer»

justerast pluss/minus sju meter. Dette gir eit godt utgangspunkt for orgelbyggjaren.

Pyramide. Eit konserthusorgel skal klinga sterkt og balansera med fullt symfoniorkester. Men det skal også lyda vakkert, både ved kraftfulle og ved meir sarte tonar. Slike utfordringar kan dei færreste orgelbyggjarar stetta. Klangen må byggjast opp som ein pyramide av tonar der kvar pipe blir sett saman som stein på stein for å oppnå dette pyramidale kosmos. Så er det då slik at ved tom sal kan organisten lett koma i skade for å passera smertegrensa med omni-



INSTRUMENT

Orgelet i Stavanger konserthus
Fartein Valen-salen

Bygd av Ryde & Berg orgelbyggeri A/S i Fredrikstad. Har 65 stemmer fordelt på fire manual og pedal, 4.564 piper og om lag 65.000 enkeltdeler.

potent, klangleg velde. Men slikt jamnar seg ut med fullt hus og fullt orkester.

Utfordringane for utøvarer ved slike instrument er omfattande. Det er lett å registrera seg bort på «monsteret som aldri pustar» (Stravinskij om orgelet). Då gjeld det å halda hovudet klart og hjarta varmt, og la dyret få trekkja véret: Om orgelet til Stavanger konserthus har aldri så mange symfoniske kvalitetar, er det grunnleggjande sett eit svært klassisk instrument. Bach kling i sine mangslungne fasettar slik han skal. Slektskapen til nordeuropeisk og nordisk orgelkultur er slående. Men kombinasjonen varme og sjarmende, grunntonig bærekraft er meir framtreddande enn ein vanleg vis høyrer.

4.564 piper. Eit stort orgel har noko til felles med ordtakene om Rom, byen som ikkje blei bygd på ein dag: Prossessor skal gå seg til over tid. Ikkje alt er fiks ferdig ved overleveringa. Det tekniske er på plass, men ein del av dei meir finslepe klanglege nyansane – særleg i dei mindre fløytstemmene, må spela seg

– Bach kling i sine mangslungne fasettar slik han skal, skriv vår melder om det nye orgelet i Stavanger konserthus.

inn og stadig justerast etter som dei utviklar seg.

Konserthusorgelet i Stavanger er bygd av Ryde & Berg orgelbyggeri A/S i Fredrikstad som firmaets opus 100. Det har 65 stemmer fordelt på fire manual og pedal, 4.564 piper og om lag 65.000 enkeltdeler. Den største pipa er 32 fot, altså over ti meter. Minste pipa er 18 millimeter. Volumet på heile verket er cirka 300 kubikkmeter. Spelemåten er mekanisk, men ei rekkje elektriske koppel gjer at spelearten med kopl manual og koppel manual/pedal ikkje medfører tyngre mekanikk. Eit elektronisk programmeringsystem gir organistane høve til omfattande førehandsinnstilling av ulike registreringar.

Prosjektet er verd 16 millionar 2008-kroner. Jan Ryde har hatt hovudansvaret for framdrift og intonasjon. Firmaets faste arkitekt, Ulf Oldæus, har teikna fasaden. Kåre Nordstoga har vore konsulent.

Etter å ha opplevd orgelet både som tilhøyrar og utøvar, kan herved avleggjast fylgjande vitnemål: Stavanger konserthus har fått eit instrument som kan uttrykkja det dyriske så vél som det lyriske, det kraftfulle så vél som det sarte. Noreg har fått eit konserthusorgel i internasjonal særklasse.